



Fylkesmannen i  
Hordaland

# TILSYNSRAPPORT

## Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

Hordaland fylkeskommune – Olsvikåsen videregående skole

## Innhold

2. Om tilsynet med Hordaland fylkeskommune – Olsvikåsen videregående skole .....	3
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar.....	3
2.2 Tema for tilsyn .....	3
2.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
3. Skulens arbeid med opplæringa i fag.....	4
3.1 Rettslege krav .....	4
3.2 Fylkesmannens funn og vurderingar .....	6
3.3 Fylkesmannens konklusjon.....	8
4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte.....	8
4.1 Rettslege krav .....	8
4.2 Fylkesmannens funn og vurderingar .....	10
4.3 Fylkesmannens konklusjon.....	12
5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning.....	13
5.1 Rettslege krav .....	13
5.3 Fylkesmannens funn og vurderingar .....	14
5.4 Fylkesmannens konklusjon.....	15
6. Vurdering av behov for særskild språkopplæring.....	15
6.1 Rettslege krav .....	15
6.2 Fylkesmannens funn og vurderingar .....	16
6.3 Fylkesmannens konklusjon.....	17
7. Frist for retting av brot på regelverket.....	17
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget.....	19

## **1. Innleiing**

Fylkesmannen opna 25. juni 2015 tilsyn med skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa ved Olsvikåsen videregående skole i Hordaland fylkeskommune. Undersøkingane har vore på skulenivå og på skoleeigarnivå.

Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 handlar om skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og består av tre område for tilsyn: Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa (som denne rapporten handlar om), forvaltningskompetanse og skulebasert vurdering. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell<sup>1</sup> knytt til tilsynet, og Fylkesmannen har gjennomført informasjons- og rettleiingssamlingar.

Det er fylkeskommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Hordaland fylkeskommunen er derfor adressat for denne førebelse tilsynsrapporten.

Tilsynet har avdekt brot på regelverket. Hordaland fylkeskommune får i denne rapporten frist til 20. juni 2016 til å rette brot på regelverket.

## **2. Om tilsynet med Hordaland fylkeskommune – Olsvikåsen videregående skole**

### **2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skolar**

Fylkesmannen fører tilsyn med fylkeskommunen som offentlig skuleeigar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannens tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det lovpålagde, jf. fylkeskommunelova § 60 b.

Fylkesmannens tilsyn med offentlege skolar er utøving av myndigheit og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som brot på regelverket, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsett i medhald av denne lova som er brotne.

### **2.2 Tema for tilsyn**

Temaet for tilsynet er retta mot kjerneverksemda ved skulen: skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Det overordna formålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa.

Hovudpunkt i tilsynet vil vere:

- Skulens arbeid med opplæringa i fag
- Undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte
- Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Vurdering av behov for særskild språkopplæring

Tilsynet skal medverke til at fylkeskommunen som skuleeigar syter for at elevane:

---

<sup>1</sup> <http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/Tilsyn/Rettleiingsmateriell-for-felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/>

- får kjennskap til og opplæring i måla som gjeld for opplæringa
- får tilbakemeldingar og blir involverte i eige læringsarbeid for å auke utbyttet av opplæringa
- får vurdert kontinuerleg kva for utbytte dei har av opplæringa
- blir følgde opp og får nødvendig tilrettelegging når utbyttet av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

Manglande etterleving av regelverket kan føre til at elevane ikkje får realisert sine moglegheiter eller får lite utbytte av opplæringa.

### **2.3 Om gjennomføringa av tilsynet**

Tilsyn med Hordaland fylkeskommune vart opna gjennom brev av 25. juni 2015.

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon og opplysningar frå intervju, sjå vedlegg.

Fylkesmannen har innhenta eigenvurdering i RefLex av verksemda på skulen frå rektor og lærarar. Fylkesmannen valde ut dokumentasjon knytt til fellesfaga engelsk og matematikk og programfag i utdanningsprogrammet helse- og oppvekstfag.

Det blei gjennomført intervju av rektor og 12 lærarar 2. og 3. februar 2016. Nokre av lærarane som blei intervjuet underviste på yrkesfagleg grunnutdanning i helse- og oppvekstfag, der elevane skal oppnå grunnleggjande yrkesutdanning. Utdanninga fører fram til kontrakt som lærekandidat. Alle elevane her har IOP.

Vidare intervjuet Fylkesmannen lærarar som underviste på vekslingsmodellen innan helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget. Vekslingsmodellen er eit fireårig utdanningsløp som vekslar mellom opplæring i bedrift og skule, og der lærekontrakt blir teikna i februar det første skuleåret.

Dei andre lærarane Fylkesmannen intervjuet underviste på fellesfaga matematikk og engelsk på studiespesialiserande og yrkesfaglege utdanningsprogram og lærarar som underviste på programfaga i utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag.

Fylkesmannen sendte førebels tilsynsrapport til Hordaland fylkeskommune 04.03.2015. Førebels rapport blei drøfta på sluttmøtet som blei halde 09.03.2016. Hordaland fylkeskommune fekk frist til å kommentere førebels rapport innan 8.04.2016, men har ikkje hatt kommentarar til den førebelse tilsynsrapporten.

## **3. Skulens arbeid med opplæringa i fag**

### **3.1 Rettslege krav**

Under er dei rettslege krava Utdanningsdirektoratet har utarbeidd for tilsynet med skulens arbeid med opplæringa i fag. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget*

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. opplæringslova § 3-4 og forskrift til opplæringslova § 1-3. Det vil seie at opplæringa skal ha eit innhald som byggjer på kompetansemåla i læreplanen og medverkar til at dei blir nådde. Rektor må organisere skulen slik at dette blir sikra, jf. opplæringslova § 3-4.

*Rektor skal sikre at undervisningspersonalet tek vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæring og kva som blir vektlagt i vurderinga av eleven sin kompetanse*

Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen og medverke til å forbetre opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2. Eleven skal kjenne til kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane må kjenne til kompetansemåla i læreplanane for faga, og at dei er grunnlaget for vurderinga av eleven sin kompetanse. Dei skal òg kjenne til kva læraren legg vekt på når læraren vurderer ein prestasjon. Frå og med 8. trinn skal elevane kjenne til kva som skal til for å oppnå dei ulike karakterane. Kravet til at dette skal vere kjent, inneber noko meir enn at informasjonen er tilgjengeleg for elevane. Rektor må organisere skulen for å sikre at undervisningspersonalet formidlar dette til elevane.

*Rektor skal sikre at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.*

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter LK06, jf. opplæringslova § 3-4 og forskrift til opplæringslova § 1-3. For dei fleste fag i grunnskulen og for nokre fag i vidaregåande skule er kompetansemåla førte opp per hovudtrinn eller etter fleire års opplæring. I slike tilfelle må rektor sikre at elevane får opplæring i alle kompetansemåla i faget / på hovudtrinnet gjennom opplæringsløpet. Opplæringslova § 5-5 heimlar at ein elev som får spesialundervisning, kan ha unnatak frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane. Gjeldande opplæringsmål for eleven skal da gå fram av ein individuell opplæringsplan (IOP). I slike tilfelle må skulen sikre at opplæringa for eleven dekkjer dei individuelle måla.

*Alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP.*

Skulen skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Det må gå fram av IOP-en kva for tidsintervall han gjeld for.

*Innhaldet i IOP-en skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik frå LK06.*

IOP-en skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal gjennomførast, jf. opplæringslova § 5-5. Reglane for innhald i opplæringa gjeld så langt dei passar for spesialundervisninga. Det kan føre til at måla for opplæringa vik av frå kompetansemåla i læreplanane i LK06.

Før skulen/fylkeskommunen gjer eit enkeltvedtak om spesialundervisning, skal PPT utarbeide ei sakkunnig vurdering. Den sakkunnige vurderinga skal gje tilråding om innhaldet i opplæringa, mellom anna realistiske opplæringsmål for eleven, og kva for opplæring som gjev eleven eit forsvarleg opplæringstilbod. Vedtaket om spesialundervisning skal byggje på den sakkunnige vurderinga, og eventuelle avvik må

grunngevast. Vedtaket om spesialundervisning fastset rammene for opplæringa og dermed innhaldet i IOP-en. IOP-en kan først takast i bruk etter at det er gjort enkeltvedtaket om spesialundervisning.

*IOP-en må ha eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring vik av frå LK06, og skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med planane for den ordinære opplæringa (klassen).*

Reglane om innhald i opplæringa (kompetansemåla i læreplanane) gjeld for spesialundervisning så langt dei passar, jf. § 5-5 i opplæringslova. Skulen skal leggje vekt på utviklingsmoglegheitene for eleven og dei opplæringsmåla som er realistiske innafor det same totale undervisningstimetallet som for andre elevar, jf. opplæringslova § 5-1. Den individuelle opplæringsplanen skal vise måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5. Dersom vedtaket om spesialundervisning ikkje inneheld avvik frå LK06, eller berre har færre kompetansemål i eit fag enn i den ordinære læreplanen, må dette òg komme klart fram i IOP-en. Det må òg komme klart fram i kva for fag eller delar av fag eleven eventuelt skal følgje ordinær opplæring (i klassen). Skulen må ha ein framgangsmåte som opplyser om korleis ein skal sjå spesialundervisninga og den ordinære opplæringa i samanheng / arbeide saman i slike tilfelle. Framgangsmåten må vere kjent og innarbeidd av dei som har ansvaret for å utvikle IOP-en og for å gjennomføre opplæringa.

### **3.2 Fylkesmannens funn og vurderingar**

*Rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget*

Skulen har lagt ved omfattande dokumentasjon i RefLex. Fylkesmannen har særleg lagt vekt på:

- Utviklingsplan 2015/16
- Årshjul 2015-15
- OU-prosjektet 2013-16
- Rutiner for oppfølging av elevar med 1 og IV
- Vurdering for læring
- Elevundersøkinga (Utdanningsdirektoratet)
- Spørsmål til elevane i samband med tilsynet (Fylkesmannen)
- Års- og halvårsplanar i fag

Olsvikåsen vidaregåande skule er organisert i fagavdelingar som blir leia av avdelingsleiar. Avdelingsleiarane inngår i leiargruppa på skulen, som rektor leiar, og som har møte to gongar i veka.

Det er stadfesta at avdelingsleiar har den daglege faglege og administrative oppfølginga av lærarane. Lærarane utarbeider planar i faget, årsplanar, halvårsplanar og emneplanar. Døme på slike er lagt fram for Fylkesmannen, og det går fram at tema for opplæringa er knytt til kompetansemål i læreplanen. Rektor har sett frist for når lærarane skal ha ferdigstilt desse fagplanane på Its learning, jf. årshjul 2015-16. Det gjekk fram av intervju at avdelingsleiar har tilgang til planane på Its learning. Dei lærarane som blei intervjuet var ikkje kjent med om avdelingsleiar kontrollerte planane, men rektor la intervjuet vekt på at dersom det er grunnlag for det blir slik kontroll gjort. Grunnlag for kontroll er mellom anna undervisningsevalueringa, der elevane evaluerer undervisninga til kvar lærar.

Det er dokumentert at det blir halde basismøter kvar veke som kontaktlærar er ansvarleg for, og avdelingsmøter anna kvar veke som avdelingsleiar er ansvarleg for. Rektor er

ansvarleg for fellesmøter for alle tilsette ved skulen, der det er informasjonssaker og utviklingsarbeid på dagsorden. Strukturen over møtearena går fram av OU-prosjektet 2013-16, som er lagt ved eigenvurderinga til rektor. Fylkesmannen vurderer at strukturen i møtearena sikrar tilbakemelding til rektor om verksemda. Tilbakemelding frå elevane i undervisningsevalueringa (Hordaland fylkeskommune) og elevundersøkinga (Utdanningsdirektoratet) blir også drøfta i desse fora. Intervjua stadfesta for Fylkesmannen at organiseringa er tydeleg og kjent for dei tilsette.

Fylkesmannen finn at rutine med faste møtearena medverker til at rektors føringar når ut til undervisningspersonalet og at jamne møte med avdelingsleiarane sikrar at rektor også har oppfølging med at undervisninga skjer i samsvar med regelverket.

*Rektor skal sikre at undervisningspersonalet tek vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæring og kva som blir vektlagt i vurderinga av eleven sin kompetanse*

I intervju med lærarane gjekk det fram at det er ei tydeleg føring frå rektor i fellesmøter at elevane skal kjenne til mål for opplæringa, kva som blir vurdert og korleis dette blir gjort. Satsingsområde i Utviklingsplanen er «Vurdering for læring». Lærarane legg emneplanar for faga på Its learning, og elevane har tilgang til desse. Det gjekk fram av intervju at elevane blir rettleidd undervegs, skriftleg og munnleg, mellom anna ved at lærarane viser kva som er høg, middels og lav måloppnåing. I spørreundersøking i samband med tilsynet stadfestar eit stort fleirtal av elevane at dei får vite kva som er måla i faget og kva læraren legg vekt på når arbeidet deira blir vurdert. Det gjekk fram av intervju at slik undervisningspraksis blir drøfta kollegar i mellom og på avdelingsmøta.

*Rektor skal sikre at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.*

I eigenvurderinga skriv rektor at i planleggaren på Its learning vil alle kompetansemåla i faget kome fram og koblast mot emneplan. Skulen har ein innarbeidd rutine å følgje planane som lærarane har utarbeidd. Dette blei stadfesta i intervju, mellom anna blir emneplanane nytta når det er naudsynt med vikarar. Fylkesmannen finn at dette medverkar til å sikre elevane ei opplæring som dekkjer kompetansemåla.

Det er lagt fram for tilsynet døme på enkeltvedtak og individuelle opplæringplanar. Desse stadfester opplysningar i intervju om at det er innarbeidd rutine ved skulen at IOP synleggjer kompetansemål frå Kunnskapsløftet, både generell del og læreplan i fag

*Alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP.*

Det går fram av eigenvurderinga til rektor at det er utarbeidd IOP for alle elevane som har enkeltvedtak om spesialundervisning. Dette samsvarer med opplysningar frå intervju og med framlagte enkeltvedtak og IOP. Det går også fram av dokumentet «Kontaktlærers oppgaver – rutinebeskrivelse», at kontaktlærer skal sikre at IOP er utarbeidd for aktuelle elevar i klassen, saman med faglærer og rådgjevar. Fylkesmannen finn at det er samanheng mellom skriftlege rutinar og praksis slik at elevar med vedtak om spesialundervisning får IOP.

*Innhaldet i IOP-en skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik frå LK06.*

Det er samsvar mellom enkeltvedtak og IOP i dei dokumenta som tilsynet har granska. Det går klart fram av vedtaket om eleven skal ha avvik frå læreplanar, og dette er vidare gjort synleg i IOP. Rektor skriv i eigenvurderinga at nesten alle elevane som har vedtak om spesialundervisning er organisert i egne grupper. Dette er fordi dei har omfattande

avvik frå den ordinære opplæringa. For dei få elevane som har vedtak om spesialundervisning og følgjer den ordinære opplæringa, er måla i IOP samordna med mål for den ordinære opplæringa. Dette er dokumentert med enkeltvedtak og IOP, og er stadfesta i intervju.

### **3.3 Fylkesmannens konklusjon**

Fylkesmannen vurderer at Olsvikåsen videregående skule har eit system der leiinga gir føringar og der dei også følgjer opp at innhaldet i undervisninga er knytt til kompetansemåla i faga.

Systemet sikrar også at undervisningspersonalet ivaretar elevane sin rett til å kjenne til mål for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av eleven sin kompetanse.

Det blir utarbeidd IOP for alle elevane som har vedtak om spesialundervisning og det er dokumentert at opplæringa samla dekkjer dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Det er også samsvar mellom enkeltvedtak og IOP, og det er synleggjort avvik frå den ordinære opplæringa for elevar som skal ha det.

Fylkesmannen konkluderer etter dette med at Olsvikåsen videregående skule har ein praksis er i samsvar med regelverket, jf. rettsleg grunnlag.

## **4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte**

### **4.1 Rettslege krav**

Under er dei rettslege krava Utdanningsdirektoratet har utarbeidd for tilsynet med skulens arbeid med undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte av opplæringa. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og/eller i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Elevane skal få rettleiing i kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytt til.*

Elevane skal bli kjende med måla for opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Dette gjeld for alle årstrinn og gjeld òg for elevar med individuelle mål i ein IOP. Elevane skal bli i stand til å forstå kva dei skal lære, og kva som er formålet med opplæringa. Lærarane gjennomfører opplæringa og må kommunisere dette til elevane.

*Elevane skal få rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.*

Eleven skal kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane skal kjenne til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse, og kva det blir lagt vekt på i vurderinga av ein prestasjon. Kravet til at det skal vere kjent for eleven, inneber at det ikkje held at informasjonen ligg på Internett, eller at ein kan få informasjonen ved å spørje læraren. Lærarane må kommunisere grunnlaget for vurderinga til elevane.

*Elevane skal få tilbakemeldingar på kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke sin kompetanse.*



Vurderinga undervegs i opplæringa skal gje god tilbakemelding og rettleiing til eleven og vere ein reiskap i læreprosessen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2.

Undervegsvurdering skal medverke til at eleven aukar sin kompetanse i fag, jf. forskrifta § 3-11. Undervegsvurderinga skal elevane få løpande og systematisk, ho kan både vere skriftleg og munnleg, skal innehalde grunngeven informasjon om kompetansen til eleven og skal gjevast med sikte på fagleg utvikling.

*Elevane skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid.*

Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12. Lærarane må syte for at elevane blir involverte i dette. Eleven si eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga.

*Elevane skal frå og med 8. årstrinn få halvårsvurderinga utan karakter midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta. Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga gjev informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.*

Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal uttrykkje eleven sin kompetanse knytt til kompetansemåla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13. Halvårsvurdering skal òg gje rettleiing i korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

Halvårsvurdering utan karakter skal elevane få gjennom heile grunnopplæringa og gjeld alle elevar uavhengig av vedtak og type opplæring. Det er ikkje sett krav til kva form vurderinga skal ha. Vurderinga kan derfor vere både skriftleg og munnleg. Frå og med 8. årstrinn og i vidaregåande opplæring skal vurderinga gjennomførast midt i opplæringsperioden. Frå og med 8. årstrinn og i vidaregåande skule skal elevane få vurdering utan karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Frå 8. årstrinn og i vidaregåande skule skal elevane i tillegg ha halvårsvurdering med karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Skulen må gjennomføre halvårsvurderinga utan karakter på riktige tidspunkt og ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at vurderinga til lærarane har eit innhald i samsvar med forskrifta.

*Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en.*

For elevar med spesialundervisning skal skulen, i tillegg til halvårsvurdering med og utan karakter, ein gong i året utarbeide ein skriftleg rapport. Rapporten skal mellom anna gje vurdering av eleven si utvikling i forhold til måla i IOP, jf. opplæringslova § 5-5.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at elevane får årsrapportar på riktige tidspunkt og at årsrapportar har eit innhald i samsvar med forskrifta.

## 4.2 Fylkesmannens funn og vurderingar

*Elevane skal få rettleiing i kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytt til.*

I skulen sin utviklingsplan er vurdering for læring eit av fire satsingsområde. Måla er at skulen skal ha eit system for god vurderingspraksis, at lærarane skal ha felles vurderingspraksis og at elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som blir forventa av dei. Dette er konkretisert i tre delmål:

- *Videreutvikle en helhetlig plan for skolens vurderingsarbeid*
- *Elevene får tydelige tilbakemeldinger på egen innsats og eget arbeid*
- *Elevenes egenvurdering*

Døme på tiltak i planen er at avdelingane og seksjonane skal utvikle god vurderingspraksis som blir nedfelt i eit lokalt styringsdokument. Tydelege vurderingskriterium skal gjerast kjent for elevane både ved oppstart av nye tema og i vurderingssituasjonar. Fagsamtalar skal gjennomførast med fokus på framovermeldingar, og skulen skal etablere ei verktøykasse for god vurderingspraksis inkludert elevane si egenvurdering.

I intervju stadfesta alle lærarane at dei kjente godt til utviklingsplanen, og at vurdering for læring var eit tema som ofte var oppe til diskusjon på ulike møte, og at skulen arbeidde systematisk med tiltaka i planen.

I egenvurderingane og intervju blir det gjort greie for korleis elevane blir gjort kjende med måla for opplæringa. Dette er gjennomgåande for alle dei faga som er omfatta av tilsynet. Det er også lagt fram fleire skriftlege døme på korleis undervisninga blir planlagt og gjennomført. Dokumentasjonen syner at lærarane rettleiar litt ulikt, men det vanlege er at kompetansemåla blir brotne ned til enklare læringsmål. Desse får elevane til dømes presenterte ved oppstarten av ein time eller når ein byrjar på eit nytt tema. Både i egenvurderingane og i intervju kom det fram at lærarane viser til læringsmåla både undervegs i opplæringsbolken og i oppsummeringa etter ein periode. Mange lærarar bruker undervisningsplanleggaren på Its learning.

Elevar på yrkesfagleg grunnutdanning får opplæring etter «Trinnmodellen». Elevane har IOP, og målet for dei fleste er opplæringskontrakt som lærekandidat. I intervju med lærarane kom det fram at elevane jobbar mykje med å vurdere sitt eige læringsarbeid, mellom anna i samband med praksisutplassering. Lærarane meiner at systematisk arbeid med undervegsvurdering gir gode resultat og er med på å gje elevane sjølvtilit og løfte dei faglege resultatata. Det er lagt fram fleire døme på skjema som viser mål og vurderingskriterium.

Det går det fram av intervju at læringsmåla på pulten og er synlege for elevane heile tida før elevane skal ut i praksis. Elevane nyttar egenvurderingsskjema før overgangen til å teikne kontrakt som lærekandidat. Alle måla skal vere «grøne», det vil si nådd, før elevane er klare for å teikne kontrakt. Det er lagt ved eit døme på ein slik plan med mål og vurdering av måloppnåing.

*Elevane skal få rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.*

Det er lagt fram fleire skriftlege døme på vurderingskriterium i alle faga som er med i tilsynet. Gjennom intervju og i egenvurderingane kom det fram at lærarane

gjennomgåande rettleiar elevane kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse, og kva det blir lagt vekt på i vurderinga. Fleire lærarar viste også til at tilbakemeldingar på eigenvurderinga som elevane sjølv gjer, er ein del av dette rettleiingsarbeidet.

*Elevane skal få tilbakemeldingar på kva dei meistarar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke sin kompetanse.*

Tilbakemeldingane kan også variere alt ettersom kva som er temaet og kva elevgrupper det gjeld. Til dømes blir det gitt både munnlege og/eller skriftlege tilbakemeldingar etter vurderingar. Dei munnlege tilbakemeldingane blir gitt i klassen, men kan også bli følgd opp av individuelle samtalar med elevane. Andre lærarar bruker ulike vurderingsskjema med skriftleg tilbakemelding på det dei meistarar og det dei kan forbetre. Dette kan bli etterfølgd av ein munnleg fagsamtale. Det er også lagt fram fleire skriftlege døme i alle fagområda på korleis lærarane rettleiar og gjev tilbakemelding til elevane.

Eigenvurderingane og intervju viser at alle lærarane gir tilbakemeldingar på kva elevane meistarar og kva dei må gjere for å auke kompetanse, men det blir gjort på ulike måtar.

*Elevane skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid.*

Det er lagt fram fleire skriftlege dokument som viser korleis elevane blir involvert i vurderinga av eige læringsarbeid. I eigenvurderingane til lærarane og i intervju kjem det fram at lærarane har ulike måtar å gjere dette på og brukar det i varierende grad. I fleire intervju blei det sagt at elevane ikkje alltid er bevisste på at dei driv med eigenvurdering. Det kom vidare fram i fleire intervju at lærarane sjølv meiner at dei bør bli tydelegare på kva som er føremålet med at elevane skal vurdere eige læringsarbeid. Det går og fram i enkelte intervju at eigenvurdering ofte blir synonymt med å setje karakter på eige eller på andre elevar sitt arbeid.

Nokre lærarar sa i intervju at dei bruker lite eigenvurdering i delar av faget, til dømes anten berre knytt til munnleg aktivitet eller til skriftleg aktivitet. I nokre intervju går det fram at dei lar elevane vurdere sitt eige læringsarbeid jamleg, og at det har god innverknad på læringsresultata til elevane.

Det kjem fram i eigenvurderingane og i intervju at ein del lærarar på skulen legg til rette for at elevane blir involverte i vurderinga av eige læringsarbeid, men dette gjeld ikkje for alle lærarar. Fylkesmannen vil peike på at involvering i vurdering av eiga læringsarbeid inneber at elevane får delta i vurdering av eige arbeid, både når det gjeld skriftlege, praktiske og munnlege framføringar. Vidare skal elevane vurdere eigen kompetanse i høve til måla i læreplanane og eiga fagleg utvikling over tid. Fylkesmannen finn det ikkje dokumentert at alle lærarane sikrar at elevane blir involvert i dette.

I spørjeundersøkinga frå Fylkesmannen har elevane svart på spørsmål om undervegsvurderinga i engelsk, matematikk og og helse- og oppvekstfag på ulike trinn. Resultatet viser at fleirtalet av elevane er nøgde med skulen sitt arbeid med undervegsvurderinga, noko som etter Fylkesmannen si vurdering samsvarar med skulen sin skriftlege dokumentasjon og det som kom fram i intervju med lærarane. Det området som likevel skil seg ut, er spørsmål om eigenvurderinga til elevane. «Får du være med og vurdere arbeidet ditt i faget, for eksempel hvordan du har gjort det i en oppgave eller et prosjekt?» er det spørsmålet der prosentdelen som svarar nei er høgast. I fleire fag/på fleire trinn svarer eit fleirtal av elevane nei på dette spørsmålet.

*Elevane skal frå og med 8. årstrinn få halvårsvurderinga utan karakter midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta.*

Det går fram av den skriftlege dokumentasjonen og blei stadfesta gjennom intervju at alle elevar får halvårsvurdering utan karakter midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta. Av dei faga som Fylkesmannen har kontrollert er det berre engelsk fellesfag på Vg1 yrkesfagleg utdanningsprogram som ikkje blir avslutta med standpunktkarakter.

*Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga gjev informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.*

Halvårsvurderinga utan karakter skjer i forkant av karaktermøta gjennom ein fagsamtale med lærar. Dette er lagt inn i årshjulet til skulen og årshjulet til kontaktlærar som er lagt fram som skriftleg dokumentasjon.

Det er også lagt fram døme på skjema for eigenvurdering knytt til kompetansemåla i helsearbeiderfaget, som elevane skal fylle ut på førehand før fagsamtalen. I dei andre fagområda er det ikkje lagt fram tilsvarende skjema. I intervju kom det fram at skulen har ein mal, men det er opp til den enkelte lærar å bruke den. Det går vidare fram av dokumentasjonen at alle elevar med karakteren 1 og IV blir rapporterte til skuleleiinga fire gonger i året. Desse resultatane blir vurdert opp mot kartleggingsresultata og er utgangspunkt for elevsamtalar som til dømes fagsamtalen i samband med halvårsvurderinga.

I denne fagsamtalen gir lærar tilbakemelding til elevane om kompetansen i faget og rettleiing om korleis dei kan auke kompetansen sin. I eigenvurderingane og i intervju blei det stadfesta at det er eit krav frå leiinga ved skulen at lærarane gir ei skriftleg eller munnleg grunngjeving for halvårsvurderinga med karakter.

*Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en.*

Det er lagt fram døme på ein årsrapport, og ein mal som er utarbeidd av Hordaland fylkeskommune. Årsrapporten viser at det blir gitt ei grundig vurdering av måloppnåinga til eleven og kva som kan styrke utviklinga vidare i alle fag. Det går fram av eigenvurderingane og intervju at skulen skriv årsrapport for alle elevar med IOP. Det går vidare fram av årshjulet når rapporten skal vere utarbeidd.

### **4.3 Fylkesmannens konklusjon**

Fylkesmannen finn det dokumentert at Olsvikåsen videregående skole oppfyller krava i forskrift til opplæringslova om at undervisningspersonalet rettleiar elevane i kompetansemåla i læreplanen og mål i IOP for elevar som har spesialundervisning.

Vidare finn Fylkesmannen det dokumentert at elevane får rettleiing i kva som er vektlagt i vurderinga i fag, tilbakemelding på kva dei meistrar i faga og kva dei må gjere for å auke kompetansen sin i faga.

Fylkesmannen finn det ikkje dokumentert at alle lærarane legg til rette for at elevane får delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eigen fagleg utvikling.

Fylkesmannen finn det dokumentert at halvårsvurderinga utan karakter skjer midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta.

Fylkesmannen finn det dokumentert at skulen har innarbeidde framgangsmåtar som sikrar at det i halvårsvurderinga vert gjeve informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.

Skulen har ein skriftleg rutine som syner kva tid årsrapporten for elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning og IOP skal vere utarbeidd og dokumentasjon som syner at skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en.

## **5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning**

### **5.1 Rettslege krav**

Under er dei rettslege krava Utdanningsdirektoratet har utarbeidd for tilsynet med skulens arbeid med undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.*

Læraren skal, som ein del av undervegsvurderinga, vurdere om den enkelte eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Skulen må ha ein kjent og innarbeidd framgangsmåte slik at lærarane systematisk og løpande vurderer om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

*Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og skulen må vurdere og eventuelt gjennomføre tiltak innafor tilpassa opplæring.*

Alle elevar har krav på tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 1-3. Dersom ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal skulen først vurdere og eventuelt prøve ut tiltak innafor det ordinære opplæringstilbodet, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må sjå på om tiltak knytte til arbeidsmåtar, vurderingspraksis og arbeidsmiljø kan medverke til at eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Framgangsmåten for dette må vere kjent og innarbeidd. Dette skal skulen gjere før eleven eventuelt får tilvising til PPT for ei sakkunnig vurdering med tanke på spesialundervisning.

*Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.* I nokre tilfelle vil skulens vurdering og eventuelle utprøving av tiltak etter opplæringslova § 5-4 konkludere med at eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa innafor det ordinære opplæringstilbodet. Eleven har da krav på spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Det er viktig at prosessen for å kunne gje spesialundervisning blir starta så snart som mogleg etter at behovet for dette er avdekt.

Undervisningspersonalet har derfor både plikt til å vurdere om ein elev treng spesialundervisning og å melde frå til rektor når det er behov for det, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må ha ein framgangsmåte som er kjent og innarbeidd blant lærarane slik at dei vurderer og melder behov for spesialundervisning.

### 5.3 Fylkesmannens funn og vurderingar

*Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.*

Fylkesmannen har vurdert skulen sin praksis med utgangspunkt i systemet for undervegsvurdering, jf. kap 4 og skriftleg dokumentasjon som: kontaktlærer sine oppgåver, plan for innrapportering av elevar som har 1 og IV (ikkje grunnlag for vurdering) og referat frå basisgruppemøter, i tillegg til informasjon i skulen si eigenvurdering og intervju.

Det er dokumentert at det er rutine å gjennomføre kartleggjingsprøver for alle elevane på Vg1 i norsk, engelsk og matematikk. Kartlegginga er grunnlag for tilpassing av opplæringa for å sikre tilfredsstillande utbytte. Elevar med store faglege utfordringar blir meldt til ressursteam/rådgjevar/avdelingsleiar som behandler vidare oppfølging av elevane. Vidare har skulen eit system for undervegsvurdering med mellom anna munnleg samtale med elevane i tillegg til skriftleg vurdering.

Det blei stadfesta i intervju at lærarane systematisk og løpande vurderer elevane sitt utbytte av opplæringa.

*Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og skulen må vurdere og eventuelt gjennomføre tiltak innafor tilpassa opplæring.*

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd eit styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulene. Det går fram at dette dokumentet at all pedagogisk verksemd skal byggje opp under målet som er auka læringsutbytte og fullføring. Skulen sin dokumentasjon, eigenvurdering og intervju, viser at satsing på vurdering for læring medverkar til at vurderingspraksis er vektlagt i det daglege arbeidet med elevane for å nå desse overordna måla.

Det gjekk fram av intervju at lærarane vurderer eigen praksis når elevar ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Skulen har jobba med kollegabasert rettleiing og klasseleiing, og det blir prøvd ut ulike metodar i klasserommet for å sikre elevane tilfredsstillande utbytte. Det er døme frå eigenvurderinga til lærarane i RefLex at det kan bli lagt til rette for alternative vurderingsformer og arbeidsmåtar for elevar som har behov for det. Både i intervju og eigenvurderinga er det lagt vekt på jamlege basismøter og avdelingsmøter, der elevane sitt læringsmiljø, undervisningsmetodar og vurderingspraksis blir drøfta.

Det går fram av eigenvurdering og intervju at det er ein innarbeidd praksis for lærarane å tilpasse opplæringa for elevar som har behov for det. Skulen har tilbod som «mattesuppe» og «fagsnacs» i tillegg til den ordinære opplæringa, der elevar kan få ekstra oppfølging. Det er også lagt fram døme på ulike støttetiltak i periodar for

enkeltelevar. Skulen har studieverkstad som elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram kan søkje på som ei særskild tilrettelegging av opplæringa. Årsaka til at skulen vil ha søknad frå eleven til dette tiltaket, er at elevar må ha ein eigen motivasjon og vilje til slik tilrettelegging. Fylkesmannen vurderer skulen sin praksis som fleksibel og eigna for at elevane skal få eit opplæringstilbod tilpassa evner og føresetnader.

*Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.*

Den første vurderinga av behov for spesialundervisning skjer ved inntak av elevane til vidaregåande opplæring. Skulen har innarbeidd ei rutinemessige kartlegging av alle elevane ved skulestart og har rutine for tilvisning av elevar til PPT etter vurdering i ressursteamet ved skulen, noko som går fram av kontaktlærer sine oppgåver. Det er dokumentert at skulen følgjer rutiner som går fram av sakshandsamarsystemet NSSU: «Prosedyrar for sakshandsaming av søknader om spesialundervisning.» Det gjekk fram av intervjuet at lærarane kjenner og følgjer rutinene for å melde behov for spesialundervisning.

## **5.4 Fylkesmannens konklusjon**

Olsvikåsen vidaregåande skule har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og skulen vurderer og gjennomfører tiltak ved å tilpasse opplæringa.

Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikrar at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

## **6. Vurdering av behov for særskild språkopplæring**

### **6.1 Rettslege krav**

Under er dei rettslege krava Utdanningsdirektoratet har for tilsynet med skulens arbeid med å vurdere behov for særskild språkopplæring. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

*Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk. For elevar med behov for særskild norskopplæring må ein innarbeidd framgangsmåte sikre at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.*

Elevar i grunnopplæringa med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følgje den ordinære opplæringa på skulen, jf. opplæringslova § 3-12. Om nødvendig har elevane òg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Fylkeskommunen har ansvaret for at kartlegginga av norskferdigheitene til eleven blir gjort før vedtaket om særskild språkopplæring. I dei fleste tilfella er det skulen som gjennomfører kartlegginga. Skulen må òg vurdere om eleven eventuelt har behov for morsmålsopplæring, tospråkleg

fagopplæring eller begge delar. Skulen må ha ein kjent og innarbeidd framgangsmåte som sikrar dette.

*Elevar med vedtak om særskild språkopplæring skal få kartlagt sine norskferdigheiter undervegs i opplæringa.*

Skulen skal òg kartleggje eleven undervegs i opplæringa når eleven får særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12. Dette for å vurdere om eleven har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følgje den vanlege opplæringa på skulen. Skulen må gjere ei individuell vurdering av tidspunktet for dette.

## **6.2 Fylkesmannens funn og vurderingar**

*Skolen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å kartleggje elevane sine ferdigheiter i norsk. For elevar med behov for særskild norskopplæring må ein innarbeidd framgangsmåte sikre at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring*

Inneverande skuleår har skulen seks elevar med vedtak om særskild språkopplæring. Det gjekk fram av eigenvurderinga til rektor at ingen av desse er vurdert til at dei har behov for morsmålsopplæring eller tospråkleg fagopplæring.

Skulen har ein skriftleg rutine for å vurdere om elevar har behov for særskild språkopplæring. Av den går det fram at kontaktlærar i samarbeid med norsk- og engelsklærarar må melde inn elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn som har behov for ekstra oppfølging på grun av svake norskprestasjonar. Aktuelle elevar er dei med botid mindre enn seks år og andre minoritetsspråklege elevar med svake norskkunnskapar.

Det går vidare fram av rutinen at desse elevane skal bli kartlagt og spurt om dei ønskjer ekstra språkopplæring. Frist for å melde inn elevar er 1. oktober. I tilbakemeldinga frå lærar skal det mellom anna gå fram kva vanskar eleven har i norskfaget, og om tilrådde tiltak er basert på kartlegging og vurdering av faglærarar.

Gjennom intervju og eigenvurderingane kjem det fram at alle elevar på Vg1 samt i innføringsklassane blir kartlagt i norsk, engelsk og matematikk ved skulestart om hausten. Skulen får tilgang på resultata med ein gong og kan setje i verk tiltak tidleg. Før det blir fatta enkeltvedtak om særskild språkopplæring, skal faglærar utarbeide ein rapport med ei vurdering av utfordringane til eleven og ein analyse av kva område eleven har behov for ekstra opplæring i. I særlege tilfelle gjer skulen spesielt tilrettelagte språktestar (A1-A2 /B1/ B2 frå Utdanningsdirektoratet).

Det er også lagt fram ein mal for søknad om særskild språkopplæring for minoritetsspråklege. I intervju kom det fram at denne søknadsmalen var til praktisk bruk, og at det ikkje var naudsynt for elevar å søkje. I denne malen skal faglærar/kontaktlærarar krysse av dersom eleven ikkje kan nyttiggjere seg vanleg undervisning og om han treng morsmålsopplæring.

Skulen har også ein mal utarbeidd av fylkeskommunen for enkeltvedtak om rett til særskild språkopplæring etter opplæringslova § 3-12. I grunngjevinga går det fram at vedtaket skal byggje på kartlegging av norskkunnskapane.

I rutinane kjem det i liten grad fram at skulen også må kartleggje behov for morsmålsopplæring, og det er ikkje nemnt noko om av behov for tospråkleg



fagopplæring. Det er derfor ikkje dokumentert at skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at behov for slik opplæring blir vurdert.

*Elevar med vedtak om særskild språkopplæring skal få kartlagt sine norskferdigheiter undervegs i opplæringa.*

Det går fram av eigenvurderinga og intervju med rektor at det kan vere aktuelt med retesting av nokre elevar som har særskild språkopplæring etter ein periode for å sjå om tiltaka som er sett i verk har hatt effekt. Dette er likevel ikkje nedfelt i dei skriftlege rutinane, og det går ikkje fram at dette gjeld alle elevar med vedtak om særskild språkopplæring.

### **6.3 Fylkesmannens konklusjon**

Fylkesmannen finn det dokumentert at skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å kartlegge elevane sine ferdigheiter i norsk.

Fylkesmannen finn det ikkje dokumentert at skulen har ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at det blir vurdert om elevar med behov for særskild norskopplæring òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Fylkesmannen finn det ikkje dokumentert at alle elevar med vedtak om særskild språkopplæring får kartlagt sine norskferdigheiter undervegs i opplæringa.

## **7. Frist for retting av brot på regelverket**

Fylkesmannen har konstatert brot på regelverket. I denne rapporten får Hordaland fylkeskommune frist til å rette brot på regelverket, jf. kommunelova § 60 d.

**Frist for retting er 20. juni 2016.** Kommunen må innan denne datoen sende Fylkesmannen ei erklæring om at brotet på regelverket er retta, og ei utgreiing om korleis brotet er retta.

Dersom brot på regelverket ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg kan vere aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i denne rapporten:

### **Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte**

1. Hordaland fylkeskommune må syte for at den individuelle undervegsvurderinga ved Olsvikåsen videregående skole medverkar til at elevane får realisert sine moglegheiter til å nå måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 3-1, 3-2, 3-11, 3-12 og 3-13.

Hordaland fylkeskommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Lærarane syter for å involvere elevane i vurderinga av eige læringsarbeid.

## **Vurdering av behov for særskild språkopplæring**

2. Hordaland fylkeskommune må syte for at Olsvikåsen videregående skole sikrar at elevar som ikkje har norsk eller samisk som morsmål, får vurdert sitt behov for særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 3-12.

Hordaland fylkeskommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring når eleven har behov for særskild norskopplæring.
- b. Norskferdigheitene til elevar med vedtak om særskild språkopplæring blir kartlagde undervegs i opplæringa.

Bergen 19.04.2016

Hanne Melander  
tilsynsleiar







































Jon Fjeldstad  
seniorrådgjevar

## Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

Frå rektor:

Navn

-  Den gode time
-  Elevundersøkelsen skolen total 14-15
-  Skolens arbeid med elevenes utbytte av opplæringen - Skoleledelsen - 2016-01-06
-  Vedlegg 1 - Olsvikåsen videregående skole - Årshjul 2014-2015
-  Vedlegg 2 - Olsvikåsen videregående skole - Årshjul 2015-16 OLV-Personal ny1
-  Vedlegg 3 - Olsvikåsen videregående skole - Årshjul for kontaktlærere
-  Vedlegg 4 - Olsvikåsen videregående skole - Program planleggingsdagene 12 13 o
-  Vedlegg 5 - Olsvikåsen videregående skole - Utviklingsplan 2015 - 2016
-  Vedlegg 6 - Olsvikåsen videregående skole - Profesjonssamarbeid Knut Roald
-  Vedlegg 7 - Olsvikåsen videregående skole - kritisk venn og kollegaveiledning.d
-  Vedlegg 8 - Olsvikåsen videregående skole - OU-dokument 2013
-  Vedlegg 10 - Olsvikåsen videregående skole - Kontaktlærers oppgaver rutinebeskri
-  Vedlegg 11 - Olsvikåsen videregående skole - Den gode time
-  Vedlegg 12 - Olsvikåsen videregående skole - Eksempel på avdelingsmoteplan host
-  Vedlegg 13 - Olsvikåsen videregående skole - Vurdering for læring endelig versjo
-  Vedlegg 14 - Olsvikåsen videregående skole - Skjermdump fagside matematikk
-  Vedlegg 15 - Olsvikåsen videregående skole - En god klassens time
-  Vedlegg 16 - Olsvikåsen videregående skole - ÅRSHJUL RESSURSTEAM OLV 2014-15 1
-  Vedlegg 17 - Olsvikåsen videregående skole - Skjermdump vurdering for læring
-  Vedlegg 18 - Olsvikåsen videregående skole - 1 og IV host 2015 STUSP 1
-  Vedlegg 19 - Olsvikåsen videregående skole - 1 og IV host 2015 STUSP
-  Vedlegg 20 - Olsvikåsen videregående skole - Kontrakt Studieverkstedet
-  Vedlegg 21 - Olsvikåsen videregående skole - Mal for rapportering 1 og IV
-  Vedlegg 22 - Olsvikåsen videregående skole - Mal for referat basisgruppemote
-  Vedlegg 23 - Olsvikåsen videregående skole - Rapport studieverkstedet 2014-15.do
-  Vedlegg 24 - Olsvikåsen videregående skole - Rutiner for kontaktlærer ved elevfr
-  Vedlegg 25 - Olsvikåsen videregående skole - Rutiner ved elevfravær orden og at
-  Vedlegg 26 - Olsvikåsen videregående skole - Soknadskjema studieverkstedet
-  Vedlegg 27 - Olsvikåsen videregående skole - Særskilt språkopplæring minoritetss
-  Vedlegg 28 - Olsvikåsen videregående skole - Eksempler kartleggingsprover
-  Vedlegg 29 - Olsvikåsen videregående skole - Anonymisert enkeltvedtak særskilt s
-  Vedlegg 30 - Olsvikåsen videregående skole - Særskilt språkopplæring rutinebeskr
-  Vedlegg 31 - Olsvikåsen videregående skole - Elevundersøkelsen 2014-15 arbeidsno
-  Vedlegg 32 - Olsvikåsen videregående skole - Elevundersøkelsen skolen total 14-1
-  Vedlegg 33 - Olsvikåsen videregående skole - Undervisningsevaluering 2014-15
-  Vedlegg 34 - Olsvikåsen videregående skole - MAL- VELKOMMEN TIL MEDARBEIDERSAMTA
-  Vedlegg 35 - Olsvikåsen videregående skole - mal spesialundervisning
-  Vedlegg 36 - Olsvikåsen videregående skole - foreldremote\_rutinar-og-reglar - 2

Tilleggsdokumentasjon:
















Vedlegg 37 - Halvårsplan (årsplan) HO vgl

Vedlegg 38 - Halvårsplan IPY/2PY (lagt ved noe dokumentasjon på vurdering/egenvurdering






















Vedlegg 39 - Årsrapport 2014/15 elev. Dokumentasjon plan//kompetansemål/vurderingskriterier

Vedlegg 40 - Mal fra HFK årsrapport.
















Frå lærarane i engelsk:

-  Skolens arbeid med elevenes utbytte av opplæringen - Lærer - 2015-12-09
-  Vedlegg 1 - Olsvikåsen videregående skole - Planleggeren i It s Learning
-  Vedlegg 2 - Olsvikåsen videregående skole - Læreplanmål It s Learning
-  Vedlegg 3 - Olsvikåsen videregående skole - Writing a text
-  Vedlegg 4 - Olsvikåsen videregående skole - News Presentation Example
-  Vedlegg 5 - Olsvikåsen videregående skole - Eksempeltekst
-  Vedlegg 6 - Olsvikåsen videregående skole - Elevtekst med kommentarer
-  Vedlegg 7 - Olsvikåsen videregående skole - Skriftlig tilbakemelding tekst
-  Vedlegg 8 - Olsvikåsen videregående skole - Egenvurdering - undersøkelse
-  Vedlegg 9 - Olsvikåsen videregående skole - Egenvurdering resultat
-  Vedlegg 10 - Olsvikåsen videregående skole - Soknadskjema studieverkstedet
-  Vedlegg 11 - Olsvikåsen videregående skole - Vurderingskjema skriftlig
-  Vedlegg 12 - Olsvikåsen videregående skole - Oral Assessment form
-  Vedlegg 13 - Olsvikåsen videregående skole - Vurderingskriterier
-  Vedlegg 14 - Olsvikåsen videregående skole - Oral Assessment Form
























Frå lærarane på utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag:

-  Skolens arbeid med elevenes utbytte av opplæringen - Lærer - 2015-12-09
-  Vedlegg 1 - Olsvikåsen videregående skole - Årshjul Vg1
-  Vedlegg 2 - Olsvikåsen videregående skole - Verdier og holdninger
-  Vedlegg 4 - Olsvikåsen videregående skole - egenvurdering lærers vurdering fr
-  Vedlegg 5 - Olsvikåsen videregående skole - Halvårsvurderingsskjema for elever H
-  Vedlegg 6 - Olsvikåsen videregående skole - Prosedyre for oppmelding til oppsaml
-  Vedlegg 7 - Olsvikåsen videregående skole - Referat basisgruppemote
-  Vedlegg 8 - Olsvikåsen videregående skole - Rapportering 1 og IV
-  Vedlegg 9 - Olsvikåsen videregående skole - Forventningsskjema 2 vg1
-  Vedlegg 10 - Olsvikåsen videregående skole - Forventningsskjema 1 vg1
-  Vedlegg 11 - Olsvikåsen videregående skole - Soknadskjema studieverkstedet
-  Vedlegg 12 - Olsvikåsen videregående skole - Soknad om særskilt tilrettelegging
-  Vedlegg 13 - Olsvikåsen videregående skole - PROSEDYRER VED FRAVÆR
-  Vedlegg 14 - Olsvikåsen videregående skole - Prosedyrer for å få tildelt støtteu
-  Vedlegg 15 - Olsvikåsen videregående skole - Kontaktlærers oppgaver rutinebeskri
-  Vedlegg 16 - Olsvikåsen videregående skole - Særskilt språkopplæring minoritetss
-  Vedlegg 17 - Olsvikåsen videregående skole - Enkeltvedtak særskilt språkopplærin
-  Vedlegg 18 - Olsvikåsen videregående skole - Prove i kommunikasjon kap.5
-  Vedlegg 19 - Olsvikåsen videregående skole - BUA vg2 host 2015 prove kap 2 omsor
-  Vedlegg 20 - Olsvikåsen videregående skole - Egenvurdering for halvårsvurderinge
-  Vedlegg 21 - Olsvikåsen videregående skole - Forste fagsamtale

Frå lærarane på yrkesfagleg grunnutdanning – utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag:

-  Skolens arbeid med elevenes utbytte av opplæringen - Lærer - 2016-01-05
-  Vedlegg 1 - Olsvikåsen videregående skole - Mål programfag vedlegg 1
-  Vedlegg 2 - Olsvikåsen videregående skole - PLAN Barnehagen Tirsdager og Onsdage
-  Vedlegg 3 - Olsvikåsen videregående skole - Timeliste - vedlegg 6
-  Vedlegg 4 - Olsvikåsen videregående skole - Konsekvensped vedlegg 12
-  Vedlegg 5 - Olsvikåsen videregående skole - Aktivitetsdag til Floyen
-  Vedlegg 6 - Olsvikåsen videregående skole - Periode 1 vurdering og fremover meld
-  Vedlegg 7 - Olsvikåsen videregående skole - VURDERING AV MÅLOPPNÅELSE SAMLING- 1
-  Vedlegg 8 - Olsvikåsen videregående skole - Planleggings skjema 13
-  Vedlegg 9 - Olsvikåsen videregående skole - PROVE TRINN4 - vedlegg 5
-  Vedlegg 10 - Olsvikåsen videregående skole - Trinn 4 Vedlegg 8
-  Vedlegg 11 - Olsvikåsen videregående skole - 1-2 årsrapport
-  Vedlegg 12 - Olsvikåsen videregående skole - Forventningsskjema 1 vg1- vedlegg 1
-  Vedlegg 13 - Olsvikåsen videregående skole - Mål oppnåelse med symbol- kjokken v
-  Vedlegg 14 - Olsvikåsen videregående skole - ARBEIDSPLAN 15.oktober vedlegg 3.do

Frå lærarane i matematikk:

-  Skolens arbeid med elevenes utbytte av opplæringen - Lærer - 2015-12-11
-  Vedlegg 1 - Olsvikåsen videregående skole - spm1
-  Vedlegg 2 - Olsvikåsen videregående skole - spm2\_aarsplan
-  Vedlegg 3 - Olsvikåsen videregående skole - Kompetansemål\_Kap4\_S2
-  Vedlegg 4 - Olsvikåsen videregående skole - Tolkning av Kompetansemål i IT1
-  Vedlegg 5 - Olsvikåsen videregående skole - konkretisering innanfor kvart kompet
-  Vedlegg 6 - Olsvikåsen videregående skole - utkast\_til\_nasjonale\_kjennetegn\_med\_
-  Vedlegg 7 - Olsvikåsen videregående skole - MaaloppnaaelseMatematikk
-  Vedlegg 8 - Olsvikåsen videregående skole - Prove2\_kompetansemål
-  Vedlegg 9 - Olsvikåsen videregående skole - utkast\_til\_nasjonale\_kjennetegn\_med\_
-  Vedlegg 10 - Olsvikåsen videregående skole - Mestringsmelding
-  Vedlegg 11 - Olsvikåsen videregående skole - Soknadskjema studieverkstedet
-  Vedlegg 12 - Olsvikåsen videregående skole - 1 og IV host 2015 STUSP
-  Vedlegg 13 - Olsvikåsen videregående skole - Basisgruppemote innrapportering 1 o
-  Vedlegg 15 - Olsvikåsen videregående skole - Soknad om lydbok
-  Vedlegg 16 - Olsvikåsen videregående skole - Soknad om særskilt tilrettelegging
-  Vedlegg 17 - Olsvikåsen videregående skole - Skjemamal\_startsamtaalen\_bm
-  Vedlegg 18 - Olsvikåsen videregående skole - Invitasjon til startsamtale
-  Vedlegg 19 - Olsvikåsen videregående skole - startsamtaalen-veiledning
-  Vedlegg 20 - Olsvikåsen videregående skole - Eksempler kartleggingsprover
-  Vedlegg 21 - Olsvikåsen videregående skole - Egenvurdering i matematikk november
-  Vedlegg 22 - Olsvikåsen videregående skole - dokumentasjon - melding fra avdelin
-  Vedlegg 23 - Olsvikåsen videregående skole - foreldremote\_rutinar-og-reglar